

TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF

FOR DESEMBER 2020 – DATO 10.01.2021

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Årdal Brannvern	HFD Lærdal sjukehus	Integrering av brannførebygging i HMS-systemet. Verifisering av HMS-systemet ved gjennomgang av branndokumentasjon for objektet. Verifisering av branndokumentasjon ved synfaring.	27.02.2018	Fem avvik	19.05.2018	<p>Avvik Lærdal sjukehus:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Det må bli utarbeida ei brannteknisk tilstandsanalyse på objektet. 2) Det må utarbeidast ei risikokartlegging. 3) Kontroll og vedlikehald; det er utarbeida plan for kontroll, men planen er ikkje fullstendig og ikkje alt blir gjennomført som forutsett. 4) Eigardokumentasjon er kun delvis utarbeida. 5) Brannvernplan må implementeres. <p>Helse Førde ga sin tilbakemelding med framdriftsplan for lukking av avvika den 19.04.18.</p> <p>Punkt 2, 3 og 5 er gjennomført/lukka.</p> <p>Helse Førde sendte sin rapport knytt til punkt 1 og 4 den 15. juni. Tilbakemeldinga var at føretaket måtte gjere nokon mindre justeringar. Oppdatert rapport ersetndt til Årdal brannvern.</p> <p>18. desember har brannsjefen gjeve følgjande svar: Tilsvaret på rapporten vert no rekna som motteke og avslutta. Me registrerar tilsvara på avvika, tidsbruken og utbetringar. Desse vil bli følgt opp på framtidige tilsyn på Lærdal sjukehus.</p> <p>Sak i Elements: 2020/1405</p>	18.12.2020

Arbeidstilsynet	FSS	Inneklima	30.01.2019	Eitt avvik	15.09.2020	<p>Før jul 2018 stengte verneombodet fleire kontorlokaler i kjellaren ved Førde sentralsjukehus med omsyn til det fysiske arbeidsmiljøet. Arbeidstilsynet sin konklusjon var at det ikkje var umiddelbar fare for arbeidstakarane si liv og helse, og at det ikkje var grunnlag for å halde kontorlokala stengt, jf. arbeidsmiljøloven § 6-3 (1).</p> <p>I brev datert 13.11.2019 sa Arbeidstilsynet seg nøgd med opplysningane dei hadde motteke knytt til dei tre avvikna dei hadde peika på. Påleggva var oppfylt. I same brev varslede likevel Arbeidstilsynet om eit nytt pålegg. For å lukke avviket må Helse Førde sende inn</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Dokumentasjon på gjennomførte tiltak som reduserer risikoen og konsekvensane for helsebelastning i 0. etasje i sentralblokka ved Førde sentralsjukehus</i> - <i>Beskrivelse av korleis verneombod / tilsette og bedriftshelsetenesta har medverka</i> <p>Helse Førde har sendt ønsket dokumentasjon og fekk tilbakemelding frå Arbeidstilsynet 03.07.2020. Arbeidstilsynet opprettheld pålegget, men med ny frist slik at Helse Førde kan dokumentere at fukt i veggar og golv ikkje kan påverke inneklimaet. Etter vidare dialog har Arbeidstilsynet i brev datert 27.10.2020 gjeve utsett frist på det siste pålegget til 31.12.2021, men med ei oppmading om å saman med verneteneste vurdere ferdiggjering tidlegare.</p> <p>Sak i Elements: 2020/1406</p>
-----------------	-----	-----------	------------	------------	------------	--

Fylkesmannen i Vestland	FSS	Tilsyn med utlokaliserte pasientar	12.09.2019	Eitt avvik	15.12.2020	<p>Fylkesmannen i Vestland gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus i perioden 17. – 20. juni 2019. Dei undersøkte om føretaket sørger for at helsehjelp til pasientar som blir utlokaliserte frå medisinsk avdeling blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at dei får trygge og gode tenester.</p> <p>Tilsynet blei gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.</p> <p>Fylkesmannen sin konklusjon: Helse Førde sørger ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt.</p> <p>Helse Førde har sendt tilbakemelding med oversikt over tiltak som er sett i verk, eller skal setjast i verk.</p> <p>Fylkesmannen i Vestland ønskjer å få tilsendt resultat frå eigenevaluering føretaket gjer etter ein og tre månadar. Dei vil og følgje arbeidet som blir gjort i etterkant av tilsynet inntil det er dokumentert at praksis er endra slik at informasjonsflyt i samband med utlokalisering og oppfølging av utlokaliserte pasientar fungerer som føresett.</p> <p>Helse Førde gjennomførte siste evaluering 25. november, og sendte over den til Fylkesmannen 30. november.</p> <p>Fylkesmannen ber om ein ny rapport per 10. mai 2021 om korleis dei planlagde og iverksette tiltaka fungerer i praksis. Dei ber også om at Helse Førde då omtalar om risiko for svikt i helsehjelpa til utlokaliserte pasientar er redusert</p>
-------------------------	-----	------------------------------------	------------	------------	------------	---

						og kva effekt tilsynet har hatt.
						Sak i Elements 2020/1407
Arbeidstilsynet	Ungdomspost Psykisk Helsevern (UPH)	Vold og truslar	23.09.2020	Tre avvik	15.01.2021	<p>Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn ved Ungdomspost Psykisk Helsevern (UPH) 03.09.2020. Hensikten med tilsynet var å kontrollere hvordan virksomhetene etterlever kravene i regelverket, spesielt når det gjelder forebygging av vold og trusler.</p> <p>Tilsynet resulterte i tre varsel om pålegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsgiver skal i samarbeid med bedriftshelsetjenesten utarbeide en plan for bedriftshelsetjenestens bistand i virksomheten. • Arbeidsgiver må forbedre virksomhetens kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjoner som kan medføre at arbeidstaker blir utsatt for vold, trussel om vold og uhedige belastninger som følge av kontakt med andre. På denne bakgrunn skal arbeidsgiver utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgiver skal gjøre dette i samarbeid med verneombud/ansattes representant. • Arbeidsgiver skal gi arbeidstakerne nødvendig opplæring og øvelse i forebygging og håndtering av vold og trusselsituasjoner, samt i bruk av eventuelt sikkerhetsutstyr, slik at arbeidstakerne så langt det er mulig, er beskyttet mot vold og trussel om vold. Opplæringen og øvelsen skal gjentas og tilpasses vesentlige endringer i risikovurderingen og ellers når det er

					nødvendig.
					Helse Førde har søkt om, og i dokument datert 23.11.20 fått utvida frist. Ny frist for utbetring av pålegg er 15.01.2021
Sunnfjord kommune – brann og redning	Helse Førde, Førde sentralsjuke hus	Brann	06.10.2020	To avvik	<p>Sak i Elements 2020/1552</p> <p>Tilsynet var ein stikkprøvekontroll og det vart avdekka to avvik:</p> <p>1: Eieren av bygget har ikke sørget for at bygningsdeler som skal begrense konsekvensene brann vedlikeholdt slik at de fungerer som forutsatt</p> <p>Kommentaren til tilsynet: Ved kontroll av dør og branntettingar inn til bossrom vart det registrert at dør og branntetting ikkje var i forsvarleg stand. Døra var merka DB0029. Det er viktig at branntekniske bygningsdeler har ettersyn for å sikre at det er i forsvarleg stand. Pakningar skal vere tette, hengsler skal vere heile og dørene skal gå i lås. Når 2 dører går i lås saman er det viktig at det går i riktig rekkefølge og at begge dører saman klarer å halde imot eit press. Ved ein brann vil det danne seg undertykk og overtrykk som kan opne dører, som igjen betyr at ein brann vil kunne spreie seg raskare. Branntetting av kablar gjeld alle gjennomføringar mellom brannceller. Det skal tettast med masse som er egna mot brann. Tettinga skal også merkast.</p> <p>Branntettingar og dører inn til bossrom ser vi på som særstakt viktige. Vi ynskjer at de utbetrar påvist feil.</p> <p>2: Eier har ikke sørget for at utstyr i byggverket som skal begrense konsekvensen av brann, blir</p>

kontrollert og vedlikeholdt slik at det fungerer som forutsatt

Komentaren til tilsynet: Under verifikasjon av bygget vart det gjort kjent at det ikkje blir utført eigenkontroll av manuelt sløkkemiddel. Kontrollens omfang og hyppighet skal vere tilpassa sikkerhetsinnretninga og byggverkets storleik, kompleksitet, bruk og risiko. Kontrollen skal dokumenterast.

Vi tilrår at de kartlegg alle sløkkemiddel og lagar eit system for å dokumentere eigenkontrollen. Vi tilrår også ein frekvens på minimun kvar 3. måne. Kontrollør skal også gjørast kjent med kva som skal kontrollerast for alle typar av sløkkemiddel.

Det vart også gjeve to merknadar

Helse Førde har i brev datert 19.11.2020 gjeve tilbakemelding på korleis føretaket skal ta tak i avvika, og at begge vil vere lukka innan utgangen av året.

Kommunen har meldt attende at dei ser saka som lukka.

Sak i Elements 2020/8054

Tabellen ovanfor inneholder **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneholder ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik. Helse Førde har registrert **totalt 5** tilsyn og revisjonar i perioden 01.12 – 31.12.2020.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsoran.